

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Kontrollutvalet
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Kopi til:

Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ fylkesrådmannen

REVISORBREV 05 – 2018

På bakgrunn av gjennomført revisjon av Sogn og Fjordane fylkeskommune sin rekneskap for 2017 inklusive årsoppgjersrevisjon, ser vi det som tenleg for fylkeskommunen og i samsvar med god kommunal revisjonsskikk å kome med ei oppsummering av dei feil og manglar revisjonen har avdekket. Vi vil og påpeika at fylkeskommunen er pliktig å ha gode interne kontrollrutinar på alle viktige område, og at ansvaret ligg hos den administrative leiinga i fylkeskommunen, jf. KL § 23, 2.ledd.

SF revisjon IKS har som Dykk kjenner til gjeve ei revisjonsmelding utan atterhald eller andre merknadar for rekneskapsåret 2016. Vi har i revisjonsmeldinga stadfesta at rekneskapen er i samsvar med lov og god kommunal rekneskapskikk. I dette brevet tar vi opp feil og manglar som ikkje er å sjå på som vesentlege for rekneskapet sin heilskap, men som er av ein slik karakter/storleik at vi meiner det er viktig at leiinga i fylkeskommunen blir gjort kjent med dei. Vidare er det tenkt som eit utgangspunkt for administrasjonen i fylkeskommunen til å setje i verk tiltak for å betre på rutinar og prosedyrar knytt til økonomi, løn og rekneskap.

Heimelen for at vi utarbeider dette nummererte revisorbrevet er § 4 i Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner m.v. Det er Kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at dei tilhøva som vi har peika på blir følgde opp av fylkeskommunen – jf. § 8 i Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner. Vi vil følgja opp dei einskilde punkta i brevet og halda kontrollutvalet orientert om status i oppfølginga.

1. Ekstern stadfesting av lånegjeld

I følgje Forskrift om bokføring § 6-2 skal dokumentasjon av lånegjeld innehalde oppgåver frå finansinstitusjonar over mellomværande.

Med vising til årsoppgjersrevisjonen for 2016, jf. nummerert revisorbrev 4/17 tok vi opp manglar med vising til krava om ekstern stadfesting av obligasjonslån og sertifikatlån. Fylkeskommunen har ikkje endra sine rutinar på området i 2017.

Det står i 2017 oppført i balansen NOK 2 293 250 870 i langsiktig gjeld. Av dette utgjør NOK 738 100 000 lhendehaverobligasjonslån og NOK 372 210 000 Sertifikatlån. Disse er ikkje dokumentert med ekstern stadfesting/oppgåve som tilfredstillar krava i Bokføringsloven. Dokumentasjon som e-postar med vedlagte rekneark tilfredsstiller etter vår vurdering ikkje Bokføringslova sine krav. I følgje Forskrift om bokføring § 6-2 skal dokumentasjon av lånegjeld innehalde oppgåver frå finansinstitusjonar over mellomværande.

For slik type mellomværande/lån kan ei løysing vere å opprette ein VPS-konto med VPS Investortenester. På ein VPS-konto blir organisasjonens verdipapir oppbevart på ein trygg og sikker måte, enten det er VPS- registrerte aksjar, fond, eigenkapitalbevis, obligasjonar eller sertifikatlån. VPS Investortenester gir organisasjonen full oversikt over VPS-konti der den har sine VPS-

registrerte verdipapir. Endringsmeldingar, årsoppgåver, melding om utbetaling og selskapsmeldingar kan ein få elektronisk eller ein kan velje å få dei på papir.

Fylkeskommunen vil i følge økonomisjefen vurdere om den nye personvernlova, som vert gjeldande frå mai/juni 2018, vil gje fylkeskommunen tilgang til alle VPS konti via ein forretningsfører, eller om ein framleis må ha kontakt via kvar einskild forretningsfører.

Fylkeskommunens årsrapport 2017

Revisor skal også gi uttale om fylkeskommunens årsrapport. I følge kl. § 48 skal årsrapporten gi ein sitat:

« redegjørelse for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard i virksomheten »

Vi kan ikkje sjå at temaet høg etisk standard er teke med i årsrapporten for 2017. I følge e-post frå fylkeskommunen vil dette bli omtalt i årsrapporten for 2018.

Med helsing frå



Marianne Vara

Revisor